



Arne Benoni syng i Dønhaugkjedlaren 17. mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen skaut blink då han engasjerte country-einaren Arne Benoni om kvelden 17. mai. Det vart ein triveleg kveld med ein bortimot fullsett Dønhaugkjedlar og kvelden var eit verdig punktum for ein flott nasjonaldag.

Fiskarsonen Arne, som hadde oppveksten sin på Napp i Lofoten, har ikkje berre ei flott røyst og er ein framifrå låtskrivar. Han er avslappa, folkeleg og herleg fri for primadonnanykkar og skaper ei triveleg stemning også med kommentarane sine mellom songane.

Men kven er han egentleg?

Han lærte tidleg å spela gitar og som 14-åring vart han med i eit lokalt band. Allereie der song han songar av sitt store førebilete, country-legenden Jim Reeves. Det vara ikkje lenge før han kom med sin første single og opp gjennom åra har mannen faktisk gjeve ut 14 album, dei fleste spela inn i country-hovudstaden Nashville der Arne har hatt stor suksess..

Opp gjennom åra har Arne hatt mange spanande engasjementar og ei av dei vi hugsar med størst glede er ein konsert under Lillehammer-OL. Men han har naturleg nok også vore engasjert til å syngja under Norsk Høstfest i Minot, Nord-Dakota, eit arrangement som samlar rundt 70.000 norskamerikanarar kvar høst og er ei utruleg oppleving. Der er berre ein norsk countrysongar større enn Arne – og det er Bjørø Håland!

Ellers har ferda til Arne gått så og seia verda rundt. Han har til dømes sunge på cruise-båtar, som SS Norway, og han har spesielt hatt eit godt samarbeid med gitaristen til Jim Reeves – Leo Jackson.

Og han fekk den mottakinga han fortente også i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Arne Benoni og "assistenten" Per laga ei triveleg country-stemming på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)